



## Nøytralitetsrapport 2025

Breheim Nett er, som alle nettselskap, ein regulert monopolist som er underlagt mange lover og reglar, blant anna sett av Olje og energidepartementet og Reguleringsmyndigheten for energi. Det sentrale lovverket i denne samanheng er energilova og underliggjande forskrifter.

### § 8-1b.Nøytralitetsrapport

Nettselskap som er omfatta av krav til selskapsmessigt skilje etter energilova § 4-6, skal offentleggjera ein årleg nøytralitetsrapport innan tre månadar etter årsskiftet. Rapporten skal vere lett tilgjengeleg på selskapets nettsider i minst fem år og eventuelle endringar skal merkast på ein tydeleg måte.

### Krav til nøytral framferd

Breheim Nett AS, med omlag 4 006 nettkundar fordelt på konsesjonsområdet som dekker Luster kommune er underlagt forskriftsfesta krav til å opptre nøytralt overfor nettkundar, kraftleverandørar og produsentar.

Dette kravet gjeld for alle tilsette i Breheim Nett som gjennom sitt arbeid kan fatte vedtak og utføre handlingar som kan gje ein fordel til andre føretak innanfor konsernet eller andre selskap.

### Det visast til fylgjande lover og forskrifter:

Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energilova), § 4-6.


Forskrift om nettregulering og energimarknaden (NEM), §4-14

Forskrift om måling, avrekning, fakturering av nettenester og elektrisk energi, nettselskapets nøytralitet mv, §1-1 Formål og kapittel 8.

## Organisering av selskapet

Breheim Nett AS er organisert som et heileigd dotterselskap i energikonsernet Luster Energiverk AS.

### Konsernstruktur Luster Energiverk AS



Konsernet er eigd av 720 aksjeeigarar. Dei største aksjonærane er:

Luster Kommune	24,92 %
Luster Sparebank	17,47 %
Luster Almenning	2,50 %
Gjensidige	2,25 %

Konsernet leverer administrative tenester, infrastruktur på nett og fiber, og entreprenør- og installasjonstenester.

Luster Energi Eigedom AS eig bygningsmassen kor heile konsernet er lokalisert, og leiger ut lokale til dei respektive selskapa.

Nettselskapet har ansvaret for drift og utvikling av kraftnettet. Forsyningsområdet er på 2.707 km<sup>2</sup>.

Nettet består av 283 km 22 kV høgspenningsnett, 443 km lågspenningsnett og til saman 292 nettstasjonar.

Samla energiuttak er på 108,5 GWh etter fråtrekk for nett tap. Breheim Nett leverte pr. 31.12.2025 straum til 4006 målepunkt.

Breheim Nett AS fekk nytt namn og logo i juni 2021 (tidl. Luster Nett AS). Dette etter krav frå myndigheitene om å skilje nettselskap frå anna konkurranseutsett verksemd i konsernet.

I samband med dette vart det utarbeida ny profileringmanual, kjøpt inn nye arbeidskle, og nettselskapets bilar vart profilert om. Nettselskapets nettside fekk nytt domene og design endra i samsvar til ny profileringsmanual.

Breheim Nett si profilering og kontakinformasjon skil seg tydeleg frå dei andre selskapa i konsernet.

Nettselskapet har eigen nettside [www.breheimnett.no](http://www.breheimnett.no).

## **Nettselskapets nøytralitet**

### **§ 8-1a. Interne rutinar for nøytral framferd**

Nettselskap som er omfatta av krav til selskapsmessigt skilje etter energilova § 4-6, skal ha interne rutinar for å sikre at selskapet overheld krava til nøytral framferd. Rutinane skal som eit minimum beskrive kva forpliktelsar knyta til nøytral framferd som gjeld for dei tilsette og leiinga. I tillegg skal rutinane innehalde krav til regelmessig opplæring av dei tilsette og leiinga knyta til etterleving av nøytralitetskrava. Krav om selskapsmessigt skilje inneheld krav og begrensningar til korleis styre og leiinga er organisert i konsernet.

I konsernet Luster Energiverk driv morselskapet overordna eigarstyring og administrative fellestenester. Konsernet har felles sentralbord som er bemanna av Luster Energi, og kundehandsamar er godt kjent med at alle nettkundar handsamast likt, uavhengig av kraftleverandør.

Det utøvast også nøytralitet i forhold til kraftleverandørar. Det er kunn Breheim Nett og kundehandsamar i konsernet som har tilgang på kundedata.

Nettselskapet har eige hovudnummer tilkopa konsernet sitt sentralbord, samt eigenbetjent vakttelefon.

Den nødvendige bevisstheita rundt nettselskapets monopolrolle generelt og nøytralitet spesielt, vert oppfylt som ein del av det laupande leiaransvaret i Breheim Nett.

Breheim Nett AS deler ingen stillingar med mor- eller dotterselskap, men kjøper inn tenester frå andre selskap i konsernet.

Breheim Nett har objektive og ikkje diskriminerande tariffar for alle sine kundar. Tariffane er tilgjengelege på Breheim Nett si internettside.

**I 2025 leigde Breheim Nett inn fylgjande tenester frå andre selskap i konsernet:**

**Luster Energi**

2,0 årsverk er innleigd frå Luster Energi til Breheim Nett.

All datautveksling me har med kraftmarknadsaktørar går via Elhub. Breheim Nett gjennomfører forretningsprosessar utan ugrunna opphald for alle kraftleverandørar som har kundar i konsesjonsområdet.

Breheim Nett har ikkje registrert nokon konkrete saker om brot på nøytralitet i 2025.

Breheim Nett AS

Gaupne, 31. mars 2026